



# Straumutfall i Sauda, 17.11. 2010

Nokre tankar etter hendinga



- Måndag 15.11.10, kl 0947 eksploderte eitt av kondensatorbatteria som var tilkopla smelteverket Eramet Norway sitt 12 kV-anlegg.
- Eksplosjonen førte til brann med stor røykutvikling.
- Situasjonen førte vidare til at kraftleverandøren Elkem Saudefaldene måtte leggja ned all forsyning mot 12 kV-anlegget til smelteverket.
- Samstundes med dette kopla ein transformatorstasjon seg ut på verneutløyning noko som førte til at all straumforsyning til Sauda og Hellandsbygd vart broten.



# Vidare

- Eksplosjonen og etterfølgjande brann førte til utrykning både med det kommunale og smelteverket sitt brannvern.
  - Frå rådhuset kunne me sjå røykutviklinga etter brannen på smelteverket.
  - Første meldinga me fekk via brannvernet, om lag kl 1005, gjekk ut på at det var kortslutning i ein transformatorstasjon på smelteverksområdet og at det hadde vore naudsynt å stenga av all straumforsyning. Det var ingen personar skadde i hendinga.
- Kraftleverandøren og smelteverket kommuniserte med Haugaland Kraft som er områdekonsesjonær i Sauda. Haugaland Kraft orienterte oss etter om lag 1,5 time om at straumbrotet var stipulert til å vara mellom 2 og 5 timar rekna frå kl 1100.
- Straumen var tilbake om lag kl 1235.



# Beredskapsleiing

- KI 1010: Deler av beredskapsleiinga, rådmann, ordførar, kommuneoverlege og beredskapskoordinator, sette seg saman for å få oversyn over situasjonen og vurdere aktuelle førebyggjande eller skadereduserande tiltak.
- Vår vurdering: Eit straumutfall på dagtid over nokre få timar får i første omgang konsekvenser for
  - drift av IKT,
    - mobiltelefonnettet,
    - Dataserverar
- Ved meir langvarige straumutfall (4 timar +), vil det kunna få konsekvenser for
  - vannforsyning ved pumping til høgdebassenget,
  - oppvarming av bygningar.
- Etter kontakt mot ulike deler av organisasjonen, fekk me stadfesta at dei viktigaste oppgåvene likevel vart utført.



# Konsekvenser, samband/informasjon

## **Samband**

- Mobiltelefonnettet gjekk ned om lag kl 1230, like før straumen kom tilbake – etter om lag 2,75 timar.

## **Informasjon mot publikum og media**

- Det var avgrensa muligheter til rask informasjon av innbyggjarar då data/internet og NRK-radio var nede. I den tidlege fasen var det heller ikkje frå kommunen si side aktuelt å informera media.
- Dei relevante opplysningar me hadde vart kommunisert til kommunen sitt kundetorg, som fekk ein del spørsmål knytt til hendinga.



## Hendinga avdekka m.a.:

- Sårbart punkt i straumforsyninga til Saudasamfunnet
  - Straumforsyninga kan bli påverka av drifta ved smelteverket
  - Me blir meir utsett for straumutfall
  - Det blir no gjennomført ROS-analyse og vurdert alternative tiltak



- Mangler på nødstrømsaggregatet til NRK-sendaren
  - Svikt i innslagsautomatikken
  - Tomt for diesel
  - Dialog med Nordkring. Like før påske var mangler utbetra og me har fått langt stødigare drift av sendaren.



- Sårbare telefonnett
  - Har berre batteribackup til mellom 2 og 3 timars drift.
  - **Det er vanskeleg å forstå at leverandørar av så samfunnsviktige tenester ikkje er t.d. konsesjonsforplikta til å ha ei lengre "oppetid".**





# Beredskapsplanverk

- **Kommuneplan for Suda 2007 – 2020**
  - Denne skal rullerast i 2011.
- **Overordna ROS-analyse for Suda**
  - Behandla i kommunestyret haust 2010
- **Overordna beredskapsplan for Suda**
  - Skal rullerast i 2011 med grunnlag i ROS-analysen
- **Helseberedskapsplan**
  - Skal arbeidast ut ny ”Plan for helsemessig og sosial beredskap”.
  - Er i gang med ROS-analyse for helse og omsorg
- **Smittevernplan med pandemidel**
- **Beredskapsplan for vannforsyning**
- **Beredskapsplan mot akutt forurensing**